

Ulstein Betong Marine (UBM) produserer flytande betongkonstruksjonar til marine miljø etter kunden sine ønske og spesifikasjonar. Konstruksjonane vert produserte i tørrdokk i Haddal i Ulstein kommune. Vi har mange års røynsle innan marine betongkonstruksjonar og sidan starten i 1988 er det produsert over 180 bygg. Grunna stor aktivitet søker vi no etter montører til vår utrustningsavdeling.

## Montør til UBM utrustningsavdeling

### Oppgåver

- Montering av mekanisk utstyr
- Montering av vêr-tette luker og dører
- Sliping og maling av betonggolv
- Montering av lenserør, lufterør, rekkverk og kaifrontlister
- Fokus på HMS

Stillinga har ei naturleg grenseflate mot andre avdelingar i selskapet. I periodar må ein rekna med å arbeida på tvers av desse ved behov.

### Ønska kvalifikasjonar

- Relevant røynsle som montør
- Røynsle med montering av mekanisk utstyr og oppgåver som nemnt over
- Røynsle med stålarbeid er ein fordel

### Personlege eigenskapar

- Evne til å ta ansvar og initiativ
- Fleksibel og løysingsorientert
- Strukturert
- Trivast i et travelt og engasjert arbeidsmiljø
- God orden

### Vi tilbyr

- Spanande, varierte og utfordrande arbeidsdagar
- Trivelege kollegaer
- Personleg utvikling og opplæring
- Konkurransedyktige vilkår

Tilsetjing etter avtale

Spørsmål om stillinga kan rettast til Asbjørn Tronstad, tlf. 920 80 248

Søknad skal sendast pr. e-post til: eli@ulsteinbetong.no

**Søknadsfrist: 30.04.24**